

# KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



*Unge deltakarar i godhetsveka*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITeseID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
[kyrkja.no/kviteseid](http://kyrkja.no/kviteseid)



### Kyrkjevevjerje

Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Håkon Heggveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



### Sokneprest

Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
[sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



### Organist

Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 97 07 87 71



### Trusopplærar og kyrkjelydssekretær

Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
[tru@kyrkjetrappa.no](mailto:tru@kyrkjetrappa.no)



### Prostidiakon

Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: Unge deltakarar på godhetsveka,  
foto: Karen Margrethe Klausen.  
Utforming og trykk: ETN Grafisk

### Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648  
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

## Barna og Guds rike

Vi gleder oss over at det vert født mange barn i kommunen att. Barn er framtida og verkar samlande for lokalsamfunnet.

I Bibelen står det mykje om barn som ei velsigning og gåve frå Gud. I tidlegare tider kunne ein sjå på dei som gratis arbeidskraft, forsikring for alderdomen, og dei som kunne føre arven vidare og på den måten gje foreldra eit ettermæle. Men som småbarn hadde dei enno ikkje vist sin verdi.

Jesus hadde andre tankar om barna og Guds rike. Ein gong han underviste dei vaksne, kom nokre mødrer bærande på småborna sine og ville at Jesus skulle røra ved dei. Då Jesus såg at læresveinane viste dei bort, reagerte han sterkt på det. «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til.», sa han. Dette les vi når vi har barnedåp i kyrkja. Men det Jesus seier gjeld ikkje berre for ein dag. Det gjeld heile barndommen.

Difor vil vi som kyrkje gjerne bidra til at barn kan få kjenne seg som ein del av Guds rike. Denne viktigaste omsorgen og opplæringa skjer i heimen ved foreldre og fadrar. Men i fellesskap kan vi sjå meir av Guds rike. I Kviteseid kyrkje har vi ofte familievenlege gudstenester, og i Brunkeberg og Vrådal har vi ein familiegudsteneste i halvåret. I tillegg har vi tilbod om trusopplæring for ulike aldrar.

I midten av dette bladet finn du oversikt over tilbod for barn og ungdom som vi vil anbefala.

Ein av mine favorittar i Bibelen er læresveinen Andreas. Han har ingen dominerande plass i evangelia om Jesus. Men der han står nemnd er det gjerne fordi han tar ulike folk med seg til Jesus. Det var han som introduserte Simon Peter for Jesus, og til og med nysgjerrige grekarar blei førte til Jesus av han. Andreas er òg den som gjev oss eit godt døme på korleis vi kan la barn ta del i Guds rike. Den gong Jesus metta fem tusen mann, pluss kvinner og barn med fem brød og to fiskar. Då var det Andreas som hadde tatt med seg til Jesus eit lite barn som var villig til å dele matpakka si.

På same måte er det til stor glede for mange når barna som har vært på tårnagenthelg dramatiserer bibelteksten for oss, eller viser oss ting i Brunkeberg kyrkje som vi aldri har lagt merke til. Barn og unge som syng og spelar er til velsigning for mange. Og når konfirmantane held samtalegudsteneste med oss kan vi sjå meir av Guds rike. Barna og Guds rike høyrer heilt klart saman.

Jesus sa endåtil at «*Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.*» (Mark 10,15)

– Møyfrid Lunde, soknepresten

# Ein epoke går mot slutten

***I november vil Svein Holberg (69) flytte frå Kilen til Stabbestad i Kragerø kommune. Å kalle tida hans i Kilen for ein epoke ville han nok sjølv ha meint er altfor høgstemt, men vi andre kan meine det og seie det. I 30 år dreiv han campingplassen, og han har budd fast i bygda frå 1999. Svein har vore aktiv i lokalmiljøet, og ikkje minst har han vore ei viktig støtte for kapellet.***

På ein måte var det ganske tilfeldig at Svein skulle kome til Kilen, ja det var rett og slett litt rart, men samtidig var det noko forklarleg og logisk med det. Grunnlaget vart lagt i barndomen i Steinkjer. Far hans og broren til faren starta Holbergs auto med bilforretning, bilverkstad, karosseriverkstad og bensinstasjon. Tidleg vart firmaet forhandlar av Toyota. «Eg kan vel seie at eg vaks opp med smørefilla og bensinpumpa», seier Svein.

Etter folkehøgskule, handelsskule og militærteneste gjekk vegen til bilbransjen att, til delelageret hjå bilimportøren F. E. Dahl, til verkstaden i Steinkjer ein periode og til bensinstasjon på Levanger, før han i 1984 vart styrar på Norol-stasjonen på Rundtom i Drammen. Der overtok han som forhandlar i 1987. Stasjonen låg sentralt og ved hovudvegen, og var ein stor bedrift med over tretti tilsette. Det var ei krevjande tid, bl.a. med omlegging frå service til fastfood. I tillegg hadde Svein ei fjellstoge i Ringebru som han dreiv.

«Det var travelt. Ikkje alltid hadde eg tid til matpause, men ein dag eg hadde tid



og sat og las avisa, såg ei at Kilen camping var til sals. Den var tre år gamal, men eigaren sleit med drifta. Kanskje dette er noko, tenkte eg. Eg ringte, reiste opp og kikka, og så var det gjort.» Dette var på ein måte ganske tilfeldig, men samtidig ikkje. Det handla om lang erfaring i praktisk kunnskap, serviceverksemd og økonomi, og i tillegg initiativ og innsatsvilje. Ein god skule hadde han hatt hjå far sin, men han understrekar at økonomien sin er noko han praktisk talt heilt har hatt ansvar for sjølv.

I ti år frå overtakinga i 1991 pendla Svein mellom Drammen, Kilen og Ringebru, men i 1999 flytta han til Kilen og byg-

de hus der, og i 2001 avvikla han både bensinstasjonen og fjellstoga. Campingplassen utvikla han frå sommarcamping med 30 vogner til heilårsdrift med 90. Han bygde også nye hytter, og m.a. utvida han butikken med kafé og terrasse.

### *Korleis har det vore å drive campingplass?*

«I det store og heile positivt, men nokre skår er det i gleda. Dei aller, aller fleste gjestene er veldig greie, men somme er ikkje heilt fornuftige med alkoholen, og då kan det lett bli støy og høg musikk. Ein må vere både barnepike og litt sjellesørgar i dette yrket.»

Hobbyar har det ikkje vore så mykje tid til. Svein er glad i å gå i skogen og plukkar mykje sopp, som han brukar til mat gjennom vinteren. Elles likar han veldig godt å reise, spesielt med bil. «I Europa er det nesten berre Russland eg ikkje har vore i. Det er godt å kome litt sydover, der klimaet er varmare, men eg reiser ikkje på charter-turar.» Noko som interesserer han sterkt, er Formel 1. Dette er dei raskaste bilane i verda på bane. I slutten av mai skal han på Monaco grand prix. Han har også teke med seg familiemedlemer på langtur, m.a. har dei vore tretten på ein tur til Hawaii og San Fransisco.

Svein har også engasjert seg i bygda. «Eg har prøvd å få liv i grendelaget og å arrangere ting, og ei tid dreiv eg daglegvarebutikk og kørde ut varer. Mange har sett pris på det, og nokre har eg hatt nær kontakt med, men det har ikkje vore bare lett å få gehør for nye ting her.»

Svein har eit spesielt hjarte for kapellet. Det starta med at han blei med i Kilen sokneråd, seinare Kilen og Fjågesund sokneråd. Det blei ti år til saman og fire av dei i fellesrådet. «Eg er slik at eg får tanker om korleis vi kan gjere meir ut av ting», fortel han. «Ei gudsteneste treng ikkje berre vere å kome saman ein time.» Derfor har Svein sett i gang ulike tiltak, t.d. kyrkjekaffi og friluftsmesser med vafar, skodespel og høgtlesing. I omkring ti år har han også invitert til «eit annleis jolebord» i kapellet etter messa fjerde sundag i advent. Ved sida av å spandere all den flotte maten har han hatt ei veker arbeid med å lage alle rettane og stelle alt til. Svein var også drivkrafta i 50-årsjubiléet for kapellet i 2008. Då blei det måla inne og ute, og eit jubileumsskrift blei skrive. Grendelaget ga eit skip som no heng i taket.

Når Svein er i messa, fylgjer han med, men han snakkar ikkje om trua si. «Eg er praktiskar», seier han, og «eg har stått i kyrkja sidan eg var liten, og det har ikkje vore aktuelt å melde meg ut.»

Ved årsskiftet 2021-2022 selde Svein Holberg campingplassen. «Eg blir ikkje yngre, og det er stadig høgare krav til komfort i marknaden. Skulle eg ha halde fram, måtte eg ha sett meg i gjeld og gjort nye investeringar. Orkar eg det? tenkte eg.» No brukar Svein mykje av tida på børsen. Det er som ein heildagsjobb. «Skal ein drive med aksjar slik eg gjer no, må ein fylgje med heile tida på kursar, marknader og hendingar i verda.»

*Huset som Svein bur i, har han ikkje selt. Vi spør om han har vurdert å vere i Kilen?*  
«Eg bur midt i campingplassen, og når eg er ute av drifta, er det ikkje så greit å gå oppi det. Eg er sosial, men likar ikkje å ha folk tett innpå meg i privatlivet. Så eg kikka etter hus, og fann eit gammalt bedehus som er bygd om til bustad. Det ligg stille og roleg i skogen, ikkje ved sjøen, men ikkje så langt unna heller. Det passar fint. Så får eg sjå litt på kva eg skal gjere med huset i Kilen.» Vi ynskjer Svein Holberg alt godt på den nye heimstaden når den tid kjem, og vonar han vil ta eit besøk i Kilen av og til.



## Smånytt frå soknet

### Takk for all deltaking på dugnader på kyrkjegardane no i vår!

Godt arbeid ble gjort i Brunkeberg, ved ny og gamal kyrkje i Kviteseid, i Vrådalen og rundt kyrkja i Fjågesund.



*Her er dei fleste frå årets arbeidsjeng i Vrådalen, foto: Astrid Breivik*

### Namna minnelund i Kviteseid

Soknerådet vedtok på sitt møte i mars at det skal etablerast ei namna minnelund på kyrkjegarden i Kviteseid. Der blir det ein felles større minnestein, der det blir

mogleg å feste eit lite skilt med namn og datoar for dei døde. Dette er mest aktuelt i samband med urnegrav, men og for vanlege graver, der folk syns det blir greitt å ikkje ha eigen gravstein og grav ein må stella. Det er framleis ein lang prosess før vi får sjå minnelunden ferdig, men planlegging og søknadsprosess er starta. Plasseringa blir mest sannsynleg mellom dei to gravfelta nord for kyrkja, der det er lang hekk med svarthyll i dag.

### Overføring av gudstenester og konsertar til eldre og sjuke?

Som ein prøveordning frå hausten, vil soknerådet prøve å få til overføring av utvalde gudstenester og konsertar til KOS og privatpersonar som ikkje er i stand til å kome til kyrkje til dømes på grunn av sjukdom.

# Trusopplæring for barn og unge

## Konfirmant 2024?

Kjenner du ein som går i 8. klasse og ikkje har fått tilsendt informasjon om kyrkjeleg konfirmasjon? Ta kontakt! Alle er velkommen til å følgje konfirmantundervisninga vår, enten ein høyrer til i kyrkja frå før eller ikkje.

KONF  
IRM  
AN  
✦

I haust startar vi opp i september med lokale samlingar og ein overnattingstur. Ein del av opplegget er også felles med konfirmantar frå andre stader i Øvre Telemark. Mellom anna drar vi på konfirmantleir til Gjennestad sommaren 2024. Om leir ikkje passar for deg, kan du vere pilegrimskonfirmant. Ta kontakt om du har spørsmål. Du kan melde deg på via vår nettside: [kyrkja.no/kviteseid](http://kyrkja.no/kviteseid). Påmeldingsfrist 31. august.

## 0-18 år

Mellom dåp og konfirmasjon er det eit godt og variert tilbod for born og ungdom som veks opp her i kommunen. På dei neste sidene presenterer vi tilbod for born og unge i soknet. Mykje er drive av frivillige knytt til ulike organisasjonar, og noko i regi av kyrkja. Vi vonar at alle finn noko som passar.

Kyrkja sender ut invitasjonar til dei som er døypte og er medlemmer i Den norske kyrkja. Tilboda er likevel opne for alle barn. Har du barn som ikkje høyrer til kyrkja, men ynskjer at dei skal få informasjon om same tilbodet? Då kan du melde dette på «min side» under kyrkja sentralt si heimeside: [kyrkja.no/minside](http://kyrkja.no/minside).

## Tilbod skuleåret 2023/2024

**Babysong/Småbarnstreff (0-3 år)** er eit tilbod for born i fylgje med foreldre/besteforeldre. I songstunda syng me og brukar ulike regler saman med borna. Det vert servert enkel lunsj, kaffe og te.

*Tid:* torsdagar kl 11.00-13.00.

Sangstund kl 11.30.

Lunsj kl 12.00

*Stad:* Misjonshuset i Kviteseid



## Utdeling av dåpsgåver (1-3 år etter dåp)

På ei gudsteneste i slutten av januar 2024 inviterer vi dei som blei døypte for 1, 2 og 3 år sidan. Borna får utdelt gåver som kan brukast i heimen.

1-åringar får cd-en: «Nå lukker seg mitt øye».

2-åringar får «Bibelboka mi».

3-åringar får cd-en «Hvem har skapt alle blomstene?»

## Sundagsskulen

Me tenner ljøs, syng saman, høyrer forteljingar frå Bibelen og gjer ulike aktivitetar.

*Tid:* Kvar gudsteneste som ikkje er familiegudsteneste i Kviteseid kyrkje under gudstenesta kl. 11.

*Stad:* Barnas kapell, eller Gapahuken ved Kviteseid kyrkje.

## Utdeling av 4-års bok

Sundag 19.11. inviterer me dei som fyller 4 år til gudsteneste i Brunkeberg kyrkje, der dei får utdelt 4-årsboka og ei aktivitetsbok. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylgje med vaksen. Me gjer oss kjent i kyrkja, syng, leikar og har aktivitetar.



## Lys Vaken (5.-6. klasse)

Annakvart år inviterer me til eit overnattingsopplegg i kyrkja den første adventshelga. I år skjer det 2.-3. desember.



## Adventstreff for 5-åringar

Laurdag 25. november inviterer me alle som fyller 5 år dette året til ei samling der dei får utdelt adventskalender. Samlinga er for barn i fylgje med vaksen. Me viser korleis ein kan bruke adventskalenderen i heimen, med forteljing, song og leik.

## Unge Røyster (8-11 år)

Me øver på Misjonshuset i Kviteseid, annakvart torsdag kl 17-18. Av og til opptrer me på gudstenester eller andre arrangement. Velkomen til songglede, andakt, leik og litt å bite i.

## Barnegospel (5-8 år)

Barnegospel er eit kor for born frå 5 til 8 år. Øving annakvart torsdag kl. 17.30-18.30 på misjonshuset.





### **Tweensklubben (5.-7.klasse)**

Om lag annakvar fredag på misjons-  
huset kl. 18-20.

### **Vest-Telemark Soul Children (6.-10. klasse)**

Velkomen til ein verkstad for song, dans  
og musikk. Øvingar annankvar tysdag kl  
18-19.30 i musikkrommet i Kviteseid-  
hallen.

### **Idrettsgruppe (6-9 år)**

Bli med å ha det moro med ulike idrettar  
og leikar! I pausen har me andakt.  
Annankvar tysdag frå 17.30-19.00  
i gymsalen på Kvitsund Gymnas.  
Kontingent kr 50,- for kvart skuleår.

### **Idrettsgruppe (10-15 år)**

Idrettsgruppa er for deg som likar ball-  
spel og leik. Me samlast annankvar  
torsdag i gymsalen på Kvitsund gym-  
nas, frå kl 18-19.30. Me spring, lei-  
ker, spelar ball og har det moro sam-  
man. Midt i økta har me andakt.  
Kontingent kr 50,- for kvart skuleår.

### **Kviteseid Speidargruppe (5.-10. klasse)**

Annakvar måndag frå kl.18.00 til 20.00,  
samlast speidaren rett ved sida av gamle  
Syftestad camping i Kviteseid. Speidara-  
ne reiser på turar i skog og mark. I spei-  
daren kan du lære om friluftsliv, + masse  
anna nyttig.



### **Fredagsklubben (frå 8. klasse og oppover)**

Me møtast på Misjonshuset annankvar  
fredag kl. 19-22. Følg oss på facebook for  
oppdatert program.





*Конфирмантар 2023*

# Våre fine konfirmantar

1. rekke frå venstre: Aslak Farmen Aabø, Magnar Syrtveit Mikalsen, Sara Doniella Josefina Lindgren, Kristine Kveven Sørensen, Eik Saxhaug, Erlend Grestad og Hans Øy.

2. rekke frå venstre: sokneprest Møyfrid Lunde, Elias Li Fredriksen, Hans Breidalen Skjæveland, Jon Lindheim, Marius Riis, Saamund Martinsen Heggtveit, Sveinung André Midtbøen Bakken og trusopplærar Knut Ove Lofstad.

Allereie før årets kull er ferdig konfirmert, er innmeldinga til neste års kull godt i gang.

- På kvar samling som er rett etter skuletid, får dei eit godt måltid mat.
- I juni skal dei ferdig-konfirmerte på leir! Det blir for mange eit nytt høgdepunkt i konfirmasjonsåret. Då er dei saman med mange konfirmantar frå nabokommunar til fem dagar leir på Gjennestad vgs i Stokke.

**Bli med og støtt dette viktige arbeidet!** Via bank til konto: **2660.45.14648** eller **Vipps til nr 3850**, kategori '5 Gåve til kyrkjebladet'. **Takk for di gåve!**

*På giro i Nr 1, 2023 kom det inn kontingent og gåver frå 37 personar, og til saman kr 10.750. TUSEN TAKK!*

<b>Kvittering</b>		
Innbetalt til konto 2660.45.14648	Beløp	Betalernes kontonummer
	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Betalingsinformasjon	<b>GIRO</b>	
	Underskrift ved girering <input type="text"/>	
Betalt av	Betalt til	
<input type="text"/>	<input type="text"/>	
	Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid	
Kroner	Øre	Til konto
	< >	2660.45.14648

# Godhetsveka i Kviteseid 2023

Av Olav Mosdøl

**Sundag 14. mai vart Godhetsveka avslutta med felles gudsteneste i Bryggeparken. Rolf Inge Johansen ønskte velkomen til ein times program med song, musikk og andakt. Der understreka Dag Erik Asdahl verdien av godleik og omsorgsteneste i våre nærmiljø. I samtale med Rolf Inge har kyrkjebladet fått litt innsyn i opplegget.**

**– Kva legg me i ordet «godhet» og kva er formålet?**

– «Godhet» kan omtalast som å gjere ei teneste utan forventning om gjenytning. Me ønskjer å gje praktisk hjelp til folk som treng det. Ideen starta i Stavanger i 2006; her Kviteseid i 2015. Seinare har det blitt årleg tradisjon.

**– Kven står bak initiativet?**

- Ei veke i mai-månad går alle dei kristne forsamlingane i bygda saman om dette, og folk som treng hjelp kan melde inn behov og ønskje.

**– Kor mange aktørar er med?**

- Dette året har 80 personar vore engasjert på ulikt vis, faktisk frå barnehagealder til over 80 år. Det har vore mest hagearbeid og vaskeoppdrag.

**– Korleis vurderer de tiltaket?**

– Me trur Godhetsveka er mykje positiv for bygda; både for dei som får hjelp og dei som er hjelparar. Me vil halde fram med dette, sluttar Rolf Inge.



Tre av komitedemedlemene i Bryggeparken søndag 14. mai 2023. F.v.: Kristen Salmelid, Karen Margrethe Klausen og Rolf Inge Johansen. Foto: Olav Mosdøl



Hjelparar til pynting i sansehagen på KOS. F.v. : Joachim W. Bentsen, Dan Asprusten, Samuel Bentsen, Oline Liodden Sørbø, Dag Henning Liodden Sørbø. Foto: Karen Margrethe Klausen



Malene og Selma Jore (t.h.) passa på korga med matserving. Foto: Karen Margrethe Klausen

# Kyrkjevalet 2023

I haust er det val på nytt sokneråd og bispedømeråd. Det er i hovudsak lagt til same tid og stad som kommunestyrevalet.

## Valdagar i dei ulike stemmekrinsane:

Brunkeberg oppvekstsenter 10. september kl. 14.00-19.00 og 11. september kl. 12.00-20.00

Kviteseidhallen 11. september kl. 12.00-20.00

Vrådal grendehus 11 september kl. 12.00-20.00

## Tilbod om førehandstemming:

- Digitalt 10. august – 6. september.
- Kyrkjekontoret onsdagar kl. 11.00-12.00 i tidsrommet 10. august - 06. september.
- Kyrkjekontoret torsdag 31. august kl. 15.00-20.00
- Kviteseid kyrkje 3. september under kyrkjekaffien etter gudstenesta
- Kviteseid omsorgssenter (KOS) 7. september kl. 10.00-11.30.
- Midtsundtoppen 7. september kl. 12.00-13.00.
- Ambulerande etter førespurnad på heimeadresser 7. september kl. 13.00-15.00.

Her er lista over dei som stiller til soknerådsvalet:

Nr	Namn	F.år	Stilling	Bustad
1	Anne Marit Sørby	1952	Pensjonist	Vrådal
2	Dagfinn Køhn	1951	Pensjonist	Kviteseid
3	Sigrun Moen	1955	Pensjonist	Kviteseid
4	Knut Gjersund	1953	Pensjonist	Morgedal
5	Astrid Breivik	1958	Pensjonist	Vrådal
6	Trond Andreas Fjågesund	1958	Pensjonist	Fjågesund
7	Ida Elisabeth N. Sigurdsli	1987	Barne- og ungdomsarbeidar	Kviteseid
8	Geir Helge Susort	1960		Åsgrend
9	Jorun Simonsen	1968		Kviteseid
10	Jan Rune Bjørnson	1965	Lærer	Kviteseid
11	Solveig Aabø Løfgren	1955	Pensjonist	Kviteseid
12	Monica Haugestøl	1976		Fjågesund
13	Berit Lundeberg	1953	Pensjonist	Kviteseid
14	Arvid Syftestad	1938	Pensjonist	Kviteseid
15	Svein Asle Holberg	1953	Pensjonist	Kilen
16	Jarle H. Eriksen	1964	IT- og service- arbeidar	Kviteseid
17	Anne Oddny Foldøy	1951	Pensjonist	Kviteseid

Når det gjeld vallister til bispedømeråd og kyrkjemøte er det i år fire ulike lister: Bønnelista, Frimodig kyrkje, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke. Du finn desse listene og omtale av kva dei ulike listene står for på vår nettside: [kyrkja.no/kviteseid](http://kyrkja.no/kviteseid). Godt val!

## SOMMARTREFF PÅ BYGDETUNET

Onsdag 28. juni vert det sommaravslutning på bygdetunet kl. 12. Her deltek Herdis og Øyvind Jørgensen med song og musikk. Det vert servering av pølse i lompe og kaffi. Til slutt samlast vi i gamlekyrkja til andakt ved Øyvind. Organist Olav Holm deltek med orgel-spel. Alle er velkomne!



## KVELDMESSER I GAMLEKYRKJA

I juli månad er det kveldsmesser kvar torsdag kl. 19.30, bortsett frå den siste.

## OLSOK

I år skal vi markere Olsok med ei eiga Olsokmesse i gamlekyrkja laurdag 29. juli kl. 18. Dei som vil kan på førehand vere med på ei vandring frå Vrådalen og ned gamlevegen fram til kyrkja.

Olsok har fått namnet etter Olav den heilage som døyde denne dagen. I kyrkja markerer vi dagen for alle trusvitne og håpsbærarar som kan gje mot og styrke til kristen vedkjenning i dag.



## LIVETS GANG

### Døypete

#### *Kviteseid:*

Sandra Emilie Gauksrud Riis

#### *Vrådalen:*

Elias Li Fredriksen

### Vigde

#### *Kviteseid:*

Monica Waal og Kjell Stian Løyte

#### *Vrådalen:*

Jane Henriksen og Jan Petter Vala

### Døde

#### *Brunkeberg:*

Solveig Hovdekleiv

#### *Kviteseid:*

Inga Myran

#### *Vrådalen:*

Torjus Per Nordbø

Brit Bjørke Ingebretsen

Gunnar Wraa

## OPPSLAGSTAVLA

### Dåp – konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel: [kyrkja.no/kviteseid](http://kyrkja.no/kviteseid)

### Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring Kirsti Skjæveland  
tlf. 412 64 364.

### Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna.

Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

### Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

### Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på [kyrkja.no/minside](http://kyrkja.no/minside). Tilbodet er ope òg for føresette som ikkje sjølv er medlem.

### Føremiddagstreff

Sommartreff på bygdetunet onsdag 28. juni kl. 12.

## GUDSTJENESTELISTE

### JUNI

#### Sun 18. 3. Sondag i treeiningstida

- Luk 14, 15-24

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 11.00.

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

Ofr. kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

#### Sun 25. Inga gudsteneste.

### JULI

#### Sun 2. 5. Sondag i treeiningstida

- Matt 7, 15-20

*Kilen kapell* kl. 11.00.

Gudsteneste. Øyvind Jørgensen.

Ofr. Menneskeverd.

#### Tor 6. Kveldsmesse

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 19.30.

Dag Harald Undheim.

#### Sun 9. Aposteldagen

- Luk 5, 1-11

*Vrådal kyrkje* kl. 18.00.

Gudsteneste. Dag Harald Undheim.

Ofr. kyrkjelydens misjonsprosjekt.

#### Tor 13. Kveldsmesse

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 19.30.

Dag Harald Undheim.

#### Sun 16. 7. Sondag i treeiningstida

- Luk 15, 1-10

*Kviteseid kyrkje* kl. 18.00.

Gudsteneste. Dag Harald Undheim.

Ofr. Kvitsund gymnas.

#### Tor 20. Kveldsmesse

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 19.30.

Dag Harald Undheim.

#### Laur 29. Olsok

Joh 12, 24-26

*Kviteseid gamle kyrkje* kl. 18.00.

Olsokmesse. Møyfrid Lunde.

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

## FORTSETJING AV GUDSTENESTELISTE

### Sun 30. 9. Sondag i treeiningstid

- Matt 11, 28-30

*Friluftsgudsteneste kl. 11.00.*

Sjå annonse for stad.

Møyfrid Lunde. Ofr. Kirkens SOS-Telemark

### AUGUST

### Sun 6. 10. Sondag i treeiningstida

- Luk 5, 27-32

*Kviteseid kyrkje kl. 11.00.*

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. kyrkjelydsarbeidet.

### Sun 13. 11. Sondag i treeiningstida

- Matt 23, 37-39

*Vrådal kyrkje kl. 11.00.*

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. Den Norske Israelsmisjon.

### Sun 20. Inga gudsteneste.

### Sun 27. 13. Sondag i treeiningstida, Kviteseiddagen

Matt 25, 14-30

*Kviteseid gamle kyrkje kl. 11.00*

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. kyrkjelydens misjonsprosjekt.

### SEPTEMBER

### Sun 3.

### Vingardssundagen

- Matt 20, 1-16

*Kviteseid kyrkje kl. 11.00.*

Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Kvitsund gymnas.

### Sun 10. Inga gudsteneste.

### Sun 17. 16. Sondag i treeiningstida

- Mark 7, 31-37

*Kviteseid kyrkje kl. 11.00.*

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Presentasjon av konfirmantar.  
Ofr. Kviteseid speidargruppe.

### Sun 24. 17. Sondag i treeiningstida

- Joh 11, 17-29

*Brunkeberg kyrkje kl. 11.00.*

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Presentasjon av konfirmantar.  
Ofr. Det Norske Bibelselskap.

### OKTOBER

### Sun 1. Hausttakkefest

- 1. Kong 17, 1-16

*Kviteseid kyrkje kl. 11.00.*

Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Acta Normisjon.

### Sun 8. Inga gudsteneste.

### Sun 15. 20. Sondag i treeiningstida

- Joh 11, 1-5

*Kviteseid kyrkje kl. 11.00.*

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.  
Ofr. kyrkjelydsarbeidet.

### Sun 22. 21. Sondag i treeiningstida

- Matt 22, 15-22

*Vrådal kyrkje kl. 11.00.*

Familiegudsteneste.  
Møyfrid Lunde.  
Presentasjon av konfirmantar.  
Ofr. TV-aksjonen.